



SAKSHANDSAMAR Even Gaukstad,  
Kristi Vindedal

VÅR REF.  
13/03111-54

ARK. Forvaltningsarkivet  
351.8

INNVALSTELEFON

+47 98202846

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
16.12.2014

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

Se mottakarliste

## Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - om oppfølging av høyringa

Riksantikvaren viser til brevet vårt av 27. mai 2014 med høyringsutkast *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*. I samarbeid med Hordaland fylkeskommune arrangerte vi 13. august 2014 eit høyringsmøte med god deltaking frå kommunar i Hordaland. Høyringsfristen vart utsett til 1. oktober m.a. for at kommunane skulle få tid til politisk handsaming av utkastet. Vi fekk inn 12 høyringsfråsegner. Åtte av dei 11 kommunane som vi har foreslått område i, har svart og ein annan kommune har også uttalt seg. I tillegg har fylkeskommunen og regionale statlege styresmakter svart.

### Førerels inntrykk frå høyringa

Riksantikvaren er i gang med å oppsummere høyringa frå Hordaland og frå Østfold, som også er med i prøveprosjektet. Høyringsinstansane i Hordaland gjev i stor grad si tilslutning til at Riksantikvaren opprettar eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i fylket. Fylkesutvalet har i sitt vedtak tilrådd at prosessen vert stilt i bero inntil ein har klargjort kva konsekvensar status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse vil få.

Kommunane som har uttalt seg, er samde i og gjev uttrykk for at dei kjenner seg att i dei faglege skildringane og vurderingane av områda sine. Nokre kommunar peikar på einskilde feil og manglar i skildringar, namnsetting o.l. Det er komme nokre forslag om endringar av grenser og om å redusere arealet, og eitt framlegg om å ta med eit nytt område. Dei aller fleste tek opp spørsmålet om kva konsekvensar eit register av denne typen vil få for kommunane og arealforvaltinga av områda. Dei etterlyser ei klargjering av konsekvensar, og mange understrekar at registeret ikkje må vere til hinder for utvikling av næring, bustadbygging, samferdsel eller liknande i områda.

### Riksantikvaren si vidare oppfølging

Riksantikvaren tek sikte på å ferdigstille materialet for Hordaland i løpet av første halvår 2015, i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av det som har komme fram i høyringa, ser vi behov for å ta direkte kontakt med fleire av kommunane før materialet vert ferdigstilt for å drøfte avgrensingar og andre tilhøve. I ei samla tilbakemelding til høyringsinstansane vil vi kommentere dei einskilde høyringsfråsegne i tillegg til å gje Riksantikvaren sine eigne konklusjonar frå arbeidet. Vi vil då presentere endelege skildringar og grenser for områda, og vi vil ha fastsett omfanget av registret i fylket.

Det synest også å vere eit generelt behov for å klargjere kva registeret vil få å seie for kommunane si planlegging og forvalting av dei kulturhistoriske landskapa. Riksantikvaren vil difor utarbeide ei kortfatta rettleiing om korleis registeret kan følgjast opp av kommunen gjennom arealplanlegging og forvalting. Rettleiinga vil òg gje ei presisering av kva kommunen og kulturminneforvaltinga sine roller er i oppfølging av registeret for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

Beste helsing

Jostein Løvdal (e.f.)  
Seksjonssjef

Kristi Vindedal  
Seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift**

Kopi til: Klima- og miljødepartementet - Kulturminneavdelingen, P.B. 8013 Dep, 0030  
OSLO/ Miljødirektoratet - Trondheim, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Austrheim kommune			5943 Austrheim
Bergen kommune		Postboks 7700	5020 BERGEN
Bømlo kommune		Rådhuset	5430 BREMNES
Eidfjord kommune		Simadalsvegen 1	5783 EIDFJORD
Etne kommune		Postboks 54	5591 ETNE
Fitjar kommune		Postboks 83	5418 FITJAR
Fylkesmannen i Hordaland		Postboks 7310	5020 Bergen
Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd.		Postboks 7900	5020 BERGEN
Kvinnherad kommune			5470 ROSENDAL
Lindås kommune		Kvernhusmyrane 20	5914 ISDALSTØ
Norges vassdrags- og energidirektorat, Region vest		Postboks 53	6801 FØRDE
Odda kommune		Opheimsgata 31	5750 ODDA
Radøy kommune		Krossvegen 8	5936 MANGER
Statens vegvesen - Region vest		Askedalen 4	6863 LEIKANGER
Ullensvang herad			5780 KINSARVIK
Ulvik herad		Skeiesvegen 3	5730 Ulvik